

**Politisk møteplan for 2018 i Fusa kommune -
vedteken i kommunestyret 15.12.2017 – sak nr 77 /2017**

Møteplanen finn du også på heimesida under politikk www.fusa.kommune.no

I tillegg kan det verta ekstramøte i dei politiske utvala og råda.

Utval/månad	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
	Møted.	Møted.	Møted.	Møted.	Møted.	Møted.
Ungdomsrådet	29.		12.		28.	
Senior- og funksjonsrådet	29.		12.*		28.	
Administrasjonsutvalet	30.		12.***		29.	
Formannskapet	31.		Ty 13. **		30.	
Utval for plan og miljø		1.	15.		31.	
Kommunestyret		15.		12.		21.
Kontrollutvalet Andre møte Dialogmøte Folkevalde – opplæring			15.****			

*

12.03- Senior- og funksjonsrådet har fellesmøte med Os eldreråd og Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**

Formannskapet har møte tysdag 13.03 grunna møtekollisjon onsdag 14.03 med samferdsels-og miljøutvalet i Hordaland fylkeskommune

Kommunestyret vedtok at møtet i administrasjonsutvalet i mars vert måndag 12.

Møte i kontrollutvalet jf. deira vedtak i sak 42/2017.

Utval/månad	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
	Møted.	Møted.	Møted.	Møted.	Møted.	Møted.
Ungdomsrådet			17.		19.	
Senior- og funksjonsrådet			17.		19.	
Administrasjonsutvalet			18.		20.	
Formannskapet budsjettkonferanse					13. og 14.	
Formannskapet			19.		21.	
Utval for plan og miljø		30.	20.		22.	
Kommunestyret				4.		13.
Kontrollutvalet Andre møte						

Dialogmøte												
Folkevalde opplæring												

Saksdokumenter og møteprotokollene finn du under politiske saker.

Saksdokumenter/Innkallingane vert vanlegvis seinast lagt ut 7 dagar før møtet. Når møtet er referert, vert møteprotokollen lagt ut på heimesida. Kjem det opp saker det hastar med, kan det vera innkalla til ekstra møte i dei einskilde utvala. Dersom det er behov for ekstramøte i planutvalet, kan dei leggjast til kommunestyret sin møtedag. Utvala og kommunestyret skal fortrinnsvis ha ettermiddags-/kveldsmøte.

Gruppemøte :

Måndag i utvalsmøteveka og kommunestyreveka.

Utval:

Ungdomsrådet
Senior- og funksjonsrådet
Administrasjonsutvalet
Formannskapet
Utval for plan og miljø
Kommunestyret

Møtedag:

Måndag i utvalsmøteveka
Måndag i utvalsmøteveka
Tysdag utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Torsdag i utvalsmøteveka.
Torsdag

I 2018 skal ein fortrinnsvis ha ettermiddags/kveldsmøte.

Kontrollutvalet sin møteplan vert innarbeidd.

Til orientering følgjer framlegg til møteplan for Bjørnafjorden kommune

Bjørnafjorden kommune - Årshjul 2018												
Utval\Månad	Jan.	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	September	Oktober	November	Desember
Fellesnemnda		12	19	16	28	25			10	22	12	10
Partssamansett utval		12	19	16	28	25			10	22	12	10
Tenesteutviklingsutval		5		9		18			3		5	3
Samfunns- og næringsutviklingsutval		5		9		18			3		5	3

Til info frå saksutgreinga:

Faktiske opplysningar/vurdering:

Politiske møterunder er ressurskrevande; både for dei folkevalde og administrasjonen. Viktige faktorar er: God og realistisk planlegging, kvalitetssikring av sakshandsaminga, produksjon og distribusjon av sakene i god nok tid før møta; til både folkevalde og almenta. Alle politiske møte – inkludert arbeidsmøte- – skal i utgangspunktet kunngjerast som opne møte.

Særs viktig er det å syta for ein saksgang som sikrar tidleg involvering og av rette instansar til rett tid: Faginstansar, politiske råd og utval, tillitsvalde, verneombod, med fleire. Ved ekstramøte i t.d. utval for plan og miljø, må ein del saker også gå via ungdomsråd og/eller senior- og funksjonsråd. Ekstramøte fører til at ressursar må omprioriterast, og andre oppgåver må nedprioriterast.

Feil saksgang kan i enkelte tilfelle føra til ugyldige vedtak.

Framlegget til møteplan i saka er utarbeidd i samråd med ordføraren. Som for 2017 vil ordførar starta politisk møteår så tidleg som mogeleg.

Det er teke omsyn til at ordførar og varaordførar også har verv i Hordaland fylkeskommune. Det er teke omsyn til ferieperiodar og helgedagar samt at viktige saker som m.a. tertialrapportar vert lagt fram til politisk handsaming så fort som mogleg.

Det vert lagt inn i framdriftsplanane at årsmelding og rekneskap vert handsama i møterunden i juni.

Møta er som tidlegare år samla på ei utvalsmøteveke. Utvalsmøtevekene er lagt inn slik det vert ein mest mogleg jevn møtefrekvens. I følgje politisk vedtak skal administrasjonsutvalet ha same

møtefrekvens som dei andre utvala.

Eitt tilleggsmøte for UPM

For å unngå for lang saksbehandlingstid, er det lagt inne evt. tilleggsmøte i august for utval for plan og miljø. Aktuelle saker er dei som ikkje skal gå via ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet.

Temamøte

I tillegg til ordinære saksmøte kan det også vera aktuelt å ha temamøte for kommunestyret. I møteplanen er det som i fjor innarbeidd følgjande temamøte:

Dialogmøte

Det vert møte der politikarar, einingsleiarar, hovudverneombodet og hovudtillitsvalde deltek. Møtedato og tema vert avklart seinare.

Opplæring for folkevalde

Ordførar ber om innspel til kva tema som skal prioriterast på felles opplæring for folkevalde. Det vert også gitt fagopplæring på ordinære utvalsmøte og evt. på ekstramøte ved behov. Folkevalde får også kompetanseheving via å delta på konferansar og kurs. Ordførar, varaordførar og utvalsleiarar planlegg, følgjer opp og koordinerer opplæringa.

Handsaming av budsjett og økonomiplan

Dersom det er behov for møte i juni, etter at konsekvensane av kommuneøkonomiprp er kjent, vert det evt. ekstra møte. Budsjettkonferansen i 2018 vert lagt til tysdag 13. og 14.11. og er dagmøte. Formannskapet skal i saksmøtet 21.11 – som vanlegvis også er dagmøte - gje tilråding i sak om budsjett 2019 og økonomiplan for 2019- 2021. Tilrådinga vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før kommunestyret handsamar saka. Kommunestyremøtet torsdag 13.12 er i utgangspunktet heildagsmøte der budsjett og økonomiplan vert handsama.

Følgjande er elles teke omsyn til i utarbeiding av framlegget:

Oppfølging av kommunereforma

Møteplanen er elles koordinert med Os sin møteplan i den grad det er hensiktsmessig og mogeleg. Evt. fellesmøte med formannskap og/kommunestyret er ikkje innarbeidd. Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne har vedteke fellesmøte, med Os eldreråd og Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, som er innarbeidd i møteplanen. Framlegg til møteplan for utval i Bjørnefjorden kommune er lagt ved saka.

Det er teke omsyn til feriar og helgedagar:

Vinterferie Veke 9; 26.02.– 04.03.

Palmesundag: 25.03. Påskeveka: Veke 13. 2. påskedag:02.04.

Kristi himmelfartsdag: 10.05.

2. pinsedag: 21.05.

Hautferie : I veke 41; 08. – 14.10. (dersom vi følgjer Bergen kommune si skulerute, som også Os kommune har lagt inn i framlegget sitt til møteplan)

Arealplanprosess

Kommunedelplan for akvakultur skal handsamast og i arealplanprosessen vert det evt. også egne møte som vert dekkja frå det prosjektet.